



## Om praten

- Fylkesmannen skal komme på tilsyn minst to gonger i året. Dei vaksne skal seie frå til dykk som bur der, når dei veit om tilsynet på førehand.
- Nokre gonger kjem fylkesmannen utan å gje beskjed til deg eller institusjonen, slik loven seier.
- Du kan snakke med oss aleine eller saman med ein tillitsperson som du sjølv har vald.
- Du kan vere med på å bestemme kor vi skal ha samtalen.
- Vi snakkar med deg for å sjå om institusjonen hjelper dei som bur der, på ein god måte.
- Om nokon behandler deg eller andre därleg, er det viktig at du seier frå.
- Informasjonen frå deg er viktig og naudsynt når fylkesmannen skal vurdere om institusjonen gjev deg og dei andre som bur der forsvarleg omsorg.



## Hvordan kontakte oss?

Ring oss på **55 57 20 00** og spør etter dei som jobbar med barnevern.

Institusjonen eller barneverntenesta skal hjelpe deg med å kontakte oss dersom du treng det.

Design & produksjon: 07 Media • Portrettet: Barnevernspoffene, foto: Morten Brun



**Informasjon om korleis fylkesmannen fører tilsyn med barnevernsinstitusjonar**

# Kva vil vi snakke med deg om?

Her er nokre eksempel:

- Kva er bra og kva er dårlig på institusjonen?
- Er det noko du skulle ønskje var annleis?
- Får du god og nyttig hjelp her?
- Er det nokon du ikke kjem overeins med her? Og korleis blir dette løyst i så fall?
- Er dei vaksne her flinke til å samarbeide med deg?
- Er det noko eller nokon som plagar deg?



- Får du hjelp til å ta vare på venner og familie?
- Får du nok hjelp med skulearbeidet?
- Får du hjelp til å ta vare på morsmålet dersom det ikkje er norsk? Og religionen din?
- Har du høve til å vere med på aktivitetar?
- Korleis er kontakten med kontaktpersonen din i barneverntenesta?



# Kva har vi ansvar for?

- Vi kjem på tilsyn. Det tyder at vi kjem på besøk for å undersøkje om institusjonen er bra for deg.
- Vi sjekker at lover og reglar for institusjonen blir følgde.
- Vi sjekkar at rettane dine blir oppfylte.
- Dersom du eller dine føresette meiner at du ikkje får oppfylt rettane dine, kan du klage til oss.
- Vi kan ikkje bestemme om flytting, kor lenge du skal bu der, kor du skal bu etterpå, kor ofte du kan treffe foreldre, søskjen og annan familie.

